





KI-notat nr.: 12/2011 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Eldeelvi kraft AS/Eldeelvi kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Luster	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Frank Jørgensen	Sign.: 
Dato:	12 OKT 2011	
Vår ref.:	NVE, 200601586, 200701953 – 21	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Eldeelvi kraftverk i Luster kommune, Sogn og Fjordane

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	4
Uttalelser til søknaden	6
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	19
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	24
NVEs vurdering	28
NVEs konklusjon	32
Merknader til konsesjonsvilkårene etter vannressursloven	33

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Eldeelvi kraftverk i Eldeelvi og behandles i henhold til reglene i kap. 3 i samme lov. Det er søkt om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendige høyspentanlegg. Parallelt med denne søknaden blir 5 konsesjonsøknader om bygging av kraftverk og en søknad om kraftlinje fra Veitastrond til Leirdøla transformatorstasjon behandlet.

Prosjektområdet ligger i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke. Nedbørfeltet er 32,1 km² og drenerer til Veitastrondvatnet. Langs den planlagt utbygde strekningen i Eldeelvi går det en traktorvei opp og forbi det planlagte inntaket og videre 1,5 km inn til Eldedalstølen. Like nord for den planlagte kraftstasjonen ligger Eldastølen. En utbygging iht. planene vil ikke innebære at INON - områder reduseres.

Det omsøkte prosjekt vil utnytte fallet mellom kote 367 og kote 179, dvs. en fallhøyde på 179 meter. Ved planlagt inntak i Eldeelvi er middelvannføringen på 2,89 m³/s. Vannveien vil bli om lag 1400 meter lang og vil gå på nordsiden av elva. Den vil hovedsakelig bestå av nedgravd rør, men noen steder vil det være nødvendig med sprengning. Planlagt installert effekt vil bli på ca. 8,8 MW med en maksimal slukeevne på 5,8 m³/s. Midlere årsproduksjon er beregnet til 28,5 GWh, fordelt med 3,8

GWh vinterproduksjon og 24,7 GWh sommerproduksjon. Det er foreslått slipp av minstevannføring i sommersesongen på 110 l/s. Utbyggingskostnaden er beregnet til 54 mill. kr.

Luster kommune mener at tilknytning mellom kraftverket og planlagt 66 kV linje bør skje via jordkabel. Kommunen har ellers ingen merknader til søknaden.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vurderer den planlagte utbyggingen som akseptabel i forhold til allmenne interesser på visse vilkår. Det må settes en minstevannføring som tilsvarer minimum 5 persentil vannføring gjennom hele året. Maksimal slukeevne bør være lik middelvannføring. Fylkesmannen ønsker ikke en permanent vei opp til inntaket, veien bør revegeteres og tilbakestilles til kjøresterkt terreng. Av hensyn til gode gyteområder i nedre deler av Eldeelvi mener fylkesmannen at det bør stilles krav om automatisk forbislippingsventil og en stabil vannføring i nedre deler av elva. Mose, lav og bunndyrfaunaen bør undersøkes nærmere. Kantvegetasjonen bør tas vare på. Fylkesmannen forutsetter at tiltaket blir gjennomført skånsomt. Det forutsettes at det blir tatt hensyn til støy fra kraftstasjonen.

Sogn og fjordane fylkeskommune mener at det av landskapsmessige hensyn bør settes en minstevannføring på 480 l/sek. Fylkeskommunen mener at støydemping av kraftstasjon er viktig.

Sogn og Fjordane turlag ønsker at veikanter og veiskråninger blir tilbakeført og gjort grønne. Turlaget mener at minstevannføring om sommeren bør ligge på minimum 10 % av gjennomsnittlig vannføring om sommeren. Turlaget mener at det ikke bør være større slukeevne enn 150 % av middelvannføringen. Av hensyn til gyteområdene for fisk nedstrøms kraftstasjonen bør det installeres omløpsventil.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har vært tvilende til utbyggingen. Naturvernforbundet mener de likevel kan akseptere en utbygging med begrunnelse i at elva er lite synlig fra omliggende landskap og lite brukt til friluftsliv.

Statnett SF har ingen merknader til konsesjonssøknaden.

Høringsinstansene kan akseptere den planlagte utbyggingen på visse vilkår. De største negative konsekvensene av en ev. utbygging vil være elvas betydning som landskapselement og påvirkning på biologisk mangfold. Eldeelvi er ikke like synlig som de andre elvene på vestsiden av Veitastrond, men er likevel en del av landskapsbildet og førsteinntrykket når en kjører inn mot Veitastrond langs fylkesveien på motsatt side av vatnet. Foruten den visuelle effekten på avstand spiller elva en viss rolle for naturopplevelsene for folk som benytter traktorvegen opp mot Eldedalstølen. Høringsinstansene mener at den foreslåtte minstevannføringen tilsvarende alminnelig lavvannføring om sommeren bør øke. Det er ikke foreslått minstevannføring resten av året. Alminnelig lavvannføring i brevassdrag er en typisk vintervannføring og vil være en uvanlig lav minstevannføring i sommersesongen. Slipp av en sesongavhengig minstevannføring for sommer og vinter vil i større grad ivareta de allmenne interessene ved den planlagte utbyggingen.

Det er registrert ei bekkekløft som er beskrevet som lokalt viktig, og det er derfor av betydning at det slippes en minstevannføring som kan ivareta artsmangfoldet i bekkekløfta.

Fylkesmannen mener at Eldeelvi har likhetstrekk med breelver på vestsiden av Jostedalsbreen der det er gjort funn av sjeldne fjærmygglarver. NVE er enig med Fylkesmannen i at Eldeelvi har enkelte likhetstrekk med elvene på vestsiden av Jostedalsbreen. Den reduserte vannføringen vil kunne medføre at vanntilknyttete organismer blir negativt påvirket, og NVE mener at det må slippes en sesongbasert minstevannføring hele året.

Kraftverket er planlagt ikke langt fra vannkanten av Veitastrondvatnet like sør for Eldastølen. Fylkesmannen, kommunen, fylkeskommunen og Sogn og Fjordane turlag mener at støy fra kraftstasjonen bør avgrenses. Dette er forhold som kan ivaretas gjennom detaljplangodkjenning.

Konsesjonssøknaden blir behandlet samtidig med 5 andre søknader om bygging av småkraftverk inne i Veitastrond. Sumvirkningene av alle utbyggingene er vurdert i et eget bakgrunnsnotat. Slik situasjonen er i dag er det ikke nok nettkapasitet. Det er derfor søkt om en ny 66kV linje fra Leirdøla transformatorstasjon og inn til Veitastrond.

En utbygging etter omsøkt plan vil gi om lag 28,5 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er i øvre sjikt av hva som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. I 2010 klarerte NVE om lag 0,9 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse interessene ikke er av svært stor verdi eller dersom de kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom vilkår, så kan det gis konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

Kraftverket som omsøkt vil gi et positivt bidrag i form av fornybar energiproduksjon på ca. 28,5 GWh/år og lokal verdiskapning. NVE vurderer samlet sett en utbygging av Eldeelvi kraftverk til å være et miljømessig akseptabelt inngrep. Dette under forutsetning om at det slippes en sesongavhengig minstevannføring sommer og vinter.

NVE mener fordelene ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Eldeelvi Kraft AS tillatelse til å bygge Eldeelvi kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Bystøl AS, datert 12.04.2006:

"Grunneigarane v/ Kjell Jarle Bruheim ønskjer å nytte vassfallet i Eldeelvi (Veitastrond) i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Eldeelvi kraftverk.

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Eldeelvi kraftverk, med tilhøyrande koblingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden. Områdekonsesjonær er Luster Energiverk AS. Det er teke opp tingingar med Luster Energiverk om vilkår for tilkopling av 22 kV linje frå stasjonen til lokalt nett. Det vert vidare teke opp tingingar om drift av høgspenningsanlegget i kraftstasjonen.

3. Etter ureiningslova om løyve til:

- gjennomføring av tiltaket

Samtidig med denne søknaden vert det søkt om konsesjon for bygging av Snauedalen, Svardalen og Vette Svardalen kraftverk. For realisering av prosjekta må det byggjast ny 66 kV overføringslinje mellom Hafslo/Årøy og Veitastrond samt ny transformatorstasjon 22/66 kV på Veitastrond. Luster Energiverk AS søker om konsesjon for bygging av denne. På grunn av kostnaden med ny linje er det viktig at alle vassdraga vert utbygde nokolunde samtidig. Ved handsaming av søknaden ber vi om at dette vert lagt til grunn."

Hoveddata

<i>Nedbørfelt (km²)</i>	<i>32,1</i>
<i>Middelvassføring (m³/s)</i>	<i>2,89</i>
<i>Alminneleg lågvassføring (m³/s)</i>	<i>0,110</i>
<i>Inntak på kote</i>	<i>367</i>
<i>Avlaup på kote</i>	<i>179</i>
<i>Brutto fallhøgd (m)</i>	<i>188</i>
<i>Midlere energiekvivalent kWh/m³</i>	<i>0,39</i>
<i>Slukeevne, maks. (m³/s)</i>	<i>5,8</i>
<i>Slukeevne, min. (m³/s)</i>	<i>0,140</i>
<i>Tillaupsrøyr, diameter (mm)</i>	<i>1500</i>
<i>Tunnel, tverrsnitt (m²)</i>	<i>-</i>
<i>Tillaupsrøyr/tunnel, lengde (m)</i>	<i>1320</i>
<i>Installert effekt, maks. (MW)</i>	<i>8,8</i>
<i>Brukstid (t)</i>	<i>3300</i>
<i>Magasinvolum mill. m³</i>	<i>0</i>
<i>HRV</i>	<i>376</i>
<i>LRV</i>	<i>376</i>
<i>Produksjon, vinter (GWh) (1/11 – 30/4)</i>	<i>3,8</i>
<i>Produksjon, summer (GWh) (1/5 – 31/10)</i>	<i>24,7</i>
<i>Produksjon, årleg middel (GWh)</i>	<i>28,5</i>
<i>Utbyggingskostnad inkl. anl.bidrag (mill.kr)</i>	<i>54,0</i>
<i>Utbyggingspris (kr/kWh)</i>	<i>1,9</i>

Elektriske anlegg

Generator	Yting, MVA	Spenning, kV
	<i>2 x 4,9</i>	<i>6,67</i>
Transformator	Yting MVA	Omsetning, kV/kV
	<i>2 x 5</i>	<i>6,67/21,5</i>

Uttalelser til søknaden

Søknaden har vært kunngjort i pressen og lagt ut til offentlig ettersyn i Luster kommune. Videre er søknaden sendt på høring til kommunen, fylkeskommunen, berørte statlige forvaltningsorganer og interesseorganisasjoner. NVE har vært på befaring i området sammen med søker og noen av høringsinstansene. Søknaden er én av i alt 6 søknader som blir behandlet samtidig. Flere av uttalelsene omfatter flere av kraftverkene, og NVE refererer derfor bare det som gjelder denne søknaden.

NVE har mottatt følgende uttalelser:

Luster kommune gjorde følgende vedtak i kommunestyret 25.04.2007:

”Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår konsesjon for utbygging av kraftverka Holen, Utladøla, Eldedøla, Svardøla, Snauedøla og Vetle Svardøla med tilhøyrande elektriske anlegg, med dei avbøtande tiltaka som går fram av søknadene. Av omsyn til miljøkonsekvensane bør NVE for Holen i tillegg setja som vilkår at Holetjørni skal haldast konstant på høgste regulerte vasstand i perioden 1. mai – 1. desember.

NVE bør vidare vurderer nøye:

- 1. Om det skal påleggjast ekstra tiltak på kraftlinja mellom Hola og Ugulsvik for å unngå kollisjonar mellom fugl og linja.*
- 2. Om utbyggarane skal påleggjast å leggja overføringsliner mellom kraftverka og hovudlinja i grøft, heilt eller delvis.*
- 3. Om omsøkt minstevassføring om sommaren i Snauedøla er tilstrekkeleg av omsyn til friluftslivet”*

Fra saksutredningen refererer vi videre:

”Samandrag:

Frå NVE har Luster kommune fått oversendt til uttale søknader om løyve til bygging av seks kraftverk i Veitastrondsområdet. Luster Småkraft står som søker for Holen og Utladøla kraftverk, Bystøl AS på vegne av fallrettseigarane for Eldeelvi, Svardøla, Vetle Svardalen og Snauedøla. Luster kommune sin frist for å gje uttale er sett til 26. april 2007.

For Holen kraftverk har konsulentselskapet Sweco Grøner AS utarbeidd miljørapport med verdi- og konsekvensvurdering og framlegg til avbøtande tiltak. For Utladøla har NVK Multiconsult AS utarbeidd både søknaden og konsekvensutgreiing. For dei fire kraftverka på sjølve Veitastrond har Skogeigarlaget Vest v. Sigbjørn Hauge og Botanisk Utredning v. Bjørn Moe gjennomført biologiske registreringar i utbyggingsområda og vurdert aktuelle avbøtande tiltak for dette tema.

Alle seks kraftverka ligg i LNF-område i arealdelen til gjeldande kommuneplan. Ingen av utbyggingane berører verna område direkte, men nedslagsfelta ligg innanfor verneområde i større eller mindre grad for alle.

I kommunedelplanen for småkraftverk, som skal vera retningsgjevande for kommunen si handsaming av utbyggingsprosjekt, er Holen plassert i ”Gul konfliktsone”. I dette ligg det at området har nokre sterke interesser som det må takast omsyn til, og at utbygging av kraftverk i dette området må ta omsyn til dei ålmenne interessene og planleggjast med avbøtande tiltak.

Dei fem andre kraftverka er plassert i "Grøn konfliktsone", noko som betyr utbygging er prega av lite konfliktnivå og/eller store positive lokale ringverknader, og at det bør planleggjast med tanke på å få god teknisk utnytting av ressursane.

Søkjarane og konsulentane sine vurderingar og omtale av konsekvensar av utbyggingane, synest stort sett å vera objektive og korrekte så langt administrasjonen har vore i stand til å etterprøva dei. Men på einskilde område er det avvikande oppfatning.

[...]

Ein konsekvens av alle utbyggingane er at det må byggjast kraftlinjer for overføring av krafta til hovudlinja. Holen kraftverk kjem til å nytta stolpane til eksisterande linje, men dei andre vert heilt nye. Søkjarane og konsulentane reknar konsekvensane av kvar einskild linje å vera små, men samla vil konsekvensane for landskapsbiletet og fuglelivet bli større enn som så. Konesjonsgjevar bør nøye vurdere om det kan vera aktuelt å påleggja kabel i grøft for dei fem nye, i alle fall på deler av strekninga.

Landskapsbiletet vil elles bli endra på grunn av vegbygging og redusert vassføring. Men dette er ikkje til å unngå dersom utbygging i det heile skal kunna gjennomførast. Konesjonsgjevar bør likevel vurdere nøye krava til minstevassføring om sommaren for Snauedøla avdi den utbygginga føregår i eit område med sterke friluftssinteresser.

Alle utbyggingane vil gje auka skatteinntekter til kommunen, men det er verdt å merka seg at den vanlege etterskotsskatten (på næring) går inn i skatteutjamninga og kommunen får som følge av dette berre ein liten del av den meirskatten som vil oppstå. Eigedomsskatten er derimot lokal og heile meirinntekta tilfell kommunen. Samfunnsnyttan er ein kombinasjon av fleire faktorar og den samla samfunnsnyttan av utbyggingane må seiast å vera stor. Med dei merknadene som går fram ovanfor, bør kommunen kunna tilrå konesjon for alle kraftverka.

[...]

Vurdering

[...]

3. Eldeelvi

I søknaden er konsekvensane av linja som må byggjast mellom kraftstasjonen og tilkoplingspunktet i hovudlinja, rekna som små. Men i tillegg til kraftverket i Eldeelvi er det søkt konesjon på tre andre kraftverk på sjølve Veitastrond. Alle desse må ha tilknytning til hovudlinja. Det er ikkje ubetydeleg konsekvens for landskapsbiletet og fuglelivet dersom alle desse skal byggjast som luftlinjer. Konesjonsgjevar bør nøye vurdere om det kan vera aktuelt å påleggja kabel i grøft, i alle fall på deler av strekninga."

[...]

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler i brev av 02.07.2007:

[...]

"Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere desse sakene i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfri naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap og friluftsliv

I kommunedelplan for små kraftverk i Luster kjem utbyggingsområdet for Eldedøla kraftverk i delområde 6.2 "Veitastrondsvatnet, øvre". Området er vurdert til grøn konfliktsone. Retningslinene for grøn konfliktsone er følgjande: "Desse områda er prega av lite konfliktnivå og/eller store positive lokale ringverknadar. Her bør det planleggast med tanke på å få god teknisk og økonomisk utnytting av ressursane."

Aurland Naturverkstad har utarbeidd to fagrapportar som tek for seg landskap, naturmiljø og kulturmiljø. Desse rapportane er bakgrunn for den tematiske kommunedelplanen for småkraftverk i Luster. I fagrapporten frå Aurland Naturverkstad er delområdet 6.2 Veitastrondsvatnet øvre, gitt samla miljøverdi "stor". Aurland Naturverkstad har og vurdert enkeltvassdrag, der kjem vassdrag nr. 37 "Eldeelvi" ut med ei samla vurdering av konfliktpotensial som "middels".

Dei største kjende konfliktane ved kraftutbygginga av Eldeelvi er etter vår vurdering knytt til landskap og friluftslivsinteressene. I tillegg kjem spørsmålet om sjeldsynte artar av virvellause dyr, slik det er påvist i andre breelvar kring Jostedalsbreen.

Området er lett tilgjengeleg med veg fram til Eldastølen. Frå Eldastølen går det ein enkel traktorveg innover dalen til Eldedalsstølen. Frå stølen går det turrute vidare inn Eldedalen over til Horpedalen i Fjærland. Det går og ei turrute over til Anestølen i Sogndalsdalen. Turrutene er gamle ferdselsveggar og overgangar mellom Veitastrond og Fjærland/Sogndal, begge kryssar Jostedalsbreen nasjonalpark. Desse turrutene er ikkje merka og vert difor ikkje nytta så mykje som td. Snauedalen. Når det gjeld området sin verdi for friluftsliv viser vi elles til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag.

Området frå Eldestølen og innover Eldedalen har stor verdi for ålmenheita med tanke på landskap og friluftsliv. Vi meiner at ei utbygging i større grad må tilpassast dei allmenne interessene. For å avgrense dei negative verknadane for landskap og friluftsliv, bør utbygginga skje utan bygging av permanent veg for bilbruk. Vegen opp til inntaket bør vere av enkel standard slik som den eksisterande vegen, tilpassa lettare kjørety som td. ATV ("firehjuling"), eller den bør tilbakestillaast til køyresterk del av terrenget, dvs. ein revevegeterer vegen ved å fylle på jord slik at det på sikt vert mindre synlege spor.

Permanente veggar som er bygd i samband med kraftutbygging, skal vere opne for allmenn ferdsel. Dersom vegen opp til inntaket vert permanent vil dette medføre biltrafikk innover Eldedalen, noko Fylkesmannen ser på som lite ynskjeleg med tanke på nærleiken til

nasjonalparken. Ved å byggje tilkomstvegen som eit midlertidig hjelpeanlegg i form av køyresterk del av terrenget, vil inngrepet bli mindre synleg. Det vil framleis dekkje kraftverket og grunneigar sitt behov for tilkomst til inntaket og stølsområdet. Eventuelle anleggsvegar for å transportere omfyllingsmasse og rør bør vere midlertidige og fjernast/tilbakestillast etter anleggsperioden.

Ved sidan av inngrep knytt til vegframføringa vil redusert vassføring i Eldeelvi verke negativt inn på dei allmenne interessene. Kraftverket får ei maksimal slukeevne på 200 % av middelvassføringa. Ved ei så høg utnytting vert landskapsbiletet endra. Eldeelvi er tydeleg eksponert i landskapet. Ein reduksjon i vassføringa om sommaren vil gi ei visuell endring i landskapet og redusere opplevinga betydeleg for tilreisande og ålmenta elles. Traktorvegen inn Eldedalen følgjer elva størsteparten av strekninga oppover til inntaket. Den visuelle opplevinga av elva og naturopplevinga med fosselyd frå elva vil og bli redusert, særleg på låge vassføringar. I vassdrag som har sitt opphav i verneområde og som er knytte til det same landskapet meiner vi at slukeevna bør vere noko mindre, til dømes lik middelvassføringa.

Konsesjonssøknaden gir i liten grad grunnlag for å vurdere effektar på landskapet av ulike storleikar på minstevassføring. Kor mykje vatn som må til for å gi elva eit stort nok vassdekt areal er vanskeleg å vurdere. Vassføringsberekningar viser at det i eit medels år berre vil vere 57 dagar med overløp i elva, og dette er spreidd over heile året til dagar med mykje nedbør. Det er i perioden 1.5 til 31.10 foreslått ei minstevassføring på 110 l/s, som tilsvarar alminneleg lågvassføring. I den hydrologiske rapporten frå NVE, som ligg ved søknaden, er det vist til at lågvassperiodane inntreff i vintersesongen. NVE skriv vidare: " I vassdrag med store sesongvariasjonar i vannføring, som i brevassdrag, er det viktig å vere klar over at alminnelig lavvannføring kan vere en svært misvisende lavvannskaraktistikk i sommersesongen, dersom det er ønskelig med en naturlig lavvannføring i vassdraget. I slike vassdrag bør man derfor være varsom med å benytte alminnelig lavvannføring som minstevannføringskrav i sommersesongen (mai-oktober). "

Vi meiner at minstevassføringa som er foreslått er altfor låg til å ivareta elva som viktig landskapselement. Det bør sleppast ei tilsigsavhengig minstevassføring, med vassføring minst tilsvarende 5-persentil sommarvassføring om sommaren, då elva normalt er på sitt største og utgjer eit viktig trekk i landskapsbiletet. 5-persentil sommarvassføring er på 950 l/s. Minstevassføringa vil saman med overløp også sikre vatn/fuktigheit til det levande miljøet på utbyggingstrekinga.

Inntaksområdet ligg ope til og er godt synleg frå traktorvegen/turruta innover Eldedalen. For å ta vare på landskap og naturmiljø i inntaksområdet bør utbyggar leggje stor vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at dei skjemmer minst mogeleg i landskapet. Vi vil tilrå at det vert nytta mest mogeleg naturstein i/ved inntaksdammen i staden for reine betongkonstruksjonar.

Det må byggjast ny 22 kV kraftline frå kraftstasjonen og vidare nordover til utløpet av Sumelvi og vidare nord-austover til koplingspunkt ved Nes. Totalt vert strekninga på ca 2 km og kraftlina vil i hovudsak følgje eksisterande veg. Landskapet er ope pga aktivt jordbruk og beite. Det opne landskapet gjer luftspenn godt synlege og vi meiner av den grunn at lina bør gravast ned.

Naturmiljø, biologisk mangfald og inngrepsfrie naturområde (INON)

Det er utarbeidd ein eigen miljørapport for prosjektet. Rapporten tek utgangspunkt i MiS-metoden (miljøkartlegging i skog), og livsmiljø er registrert etter denne metoden. Vi stiller oss

tvilande til at metodikken som er nytta, er den rette til å fange opp problemstillingar ved bygging av småkraftverk. For å presisere kva som krevjast ved undersøking av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk, har NVE og DN gitt ut rettleiaren; Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1-10 MW), Veileder 3-2007. Vi meiner at undersøkingar av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk bør følgje metodikken i denne rettleiaren.

Undersøkingar av miljøverknader av små kraftverk (FoU-prosjekt i NVE), viser at dei mest utsette artsgruppene ved utbygging av småkraftverk er lav, mosar og fugleartar knytte til vassdrag. Desse artsgruppene er ikkje kartlagt i miljørapporten. Undersøkingar har ikkje avdekkja raudlisteartar innan utbyggingsområdet. I miljørapporten er det kartlagt eit område med naturtypen elve/-bekkekløft, med verdi B-C (Viktig – Lokalt viktig). Området ligg i høgdenivået 200-250 moh. og vert skildra som; "eit drivande gjel med fossesprut og fosserøyk på sidene". På grunn av høg vassføring og steile, sleipe berg var gjelet vanskeleg tilgjengeleg for nærare kartlegging. Potensialet for å finne raudlisteartar i velutvikla bekkekløfter og fossesprøytoner er stort, og Fylkesmannen meiner dette bør undersøkast nærare av spesialistar, før vidare handsaming av konsesjonssøknaden.

I Eldedalen er naturtypen "Sørvendte berg og rasmarker" registrert. Naturtypen er viktig med tanke på biologisk mangfald og lokaliteten er verdsett som "svært viktig". Lokaliteten omfattar dei søraust-vendte rasmarkengene på nordsida av Eldedalen frå 1 km opp frå Veitastrondsvatnet og inn til noko forbi Eldedalsstølen. Tiltaksområdet ligg like utanfor den registrerte naturtypen og det forventast at utbygginga ikkje vil påverke denne lokaliteten.

Ferskvassbiologiske undersøkingar som vart utført i samband med Jostedal-utbygginga viste at vassdraget inneheldt ein svært interessant botndyrfauna, dominert av kuldetilpassa fjørmyggartar. Stikkprøver av fjørmyggfaunaen i nokre av elvane i Jostedalen førte til funn av fleire fjørmyggartar, mellom anna ei slekt (Vivacricotopus), som var ny for vitskapen. Det er fare for at dei nybeskrivne artane vart utrydda frå typelokaliteten som følgje av kraftutbygginga i Jostedalen. Også i området på vestsida av Jostedalsbreen, i Groveelva ved Sægrov i Jølster finst ein heilt spesiell fjørmyggfauna. Vi meiner at dei brepåverka elvane i Veitastrond kan ha mykje av dei same føresetnadane for ein særeigen botndyrfauna som elvane i Jostedalen og i Jølster. Fylkesmannen meiner difor at botndyrfaunaen, med spesiell vekt på fjørmygg, bør undersøkjast nærare før det eventuelt vert gjeve konsesjon til utbygging.

Dei mest utsette artsgruppene ved utbygging av småkraftverk og fauna i sjølve elva/vasstrengen er ikkje undersøkt. Det bør difor vere minstevassføring i elva heile året. Det er ikkje i tråd med moderne vassdragsforvaltning å tørrleggje elvestrekningar, og ein ev. konsesjon for kraftutbygging bør ikkje føre til at elvestrekningar med årsikker vassføring blir tørrlagt. Ut i frå "føre-var-prinsippet" er det uheldig å ta bort vassføringa. Fylkesmannen meiner difor, dersom det vert gjeve konsesjon, at det må sleppast ei restvassføring heile året, tilpassa årstidsvariasjonar i vassføring. Det bør minst sleppast ei restvassføring tilsvarende 5-persentil sommar og vintervassføring. Slepping av ei minstevassføring vil redusere skaden på det biologiske mangfaldet ved ei utbygging, både når det gjeld fisk, fugl, insekt og planteliv.

Ved utløpet av Eldeelvi er det eit større deltaområde/flate med elveavsetningar. Eldeelvi forgreinar seg i tre større elvelaup som delar seg utover elvedeltaet før dei renn ut i Veitastrondsvatnet. Vi meiner at kraftstasjonen bør trekkjast noko lenger inn og opp i terrenget ovanfor elveforgreininga. Dersom kraftstasjonen vert trekt lenger opp i terrenget vert elvelaupane sikra vatn. Elvedelta er generelt produktive områder og er viktige med tanke på biologisk mangfald. Deltaet har gode gyte og oppvekstområde, sjå tema fisk og fiske. Dersom

elvene som breiar seg utover deltaet vert sikra vatn, vert deltaet sin funksjon og form teke vare på. Produksjonstapet ved å flytte kraftstasjonen vil truleg vere liten pga liten høgdeskilnad. Flytting av kraftstasjonen vil vere positivt for biologisk mangfald, fisk og landskapsomsyn.

Inngrepsfrie naturområde vert ikkje påverka.

Fisk og fiske

Eldeelvi forgreinar seg i tre større elveløp som delar seg utover elvedeltaet før dei renn ut i Veitastrondsvatnet. Elveløpa nedanfor forgreininga har gode gyte- og oppvekstområde for aure. Det er og gode oppvekstområde og fiskeplassar i Veitastrondsvatnet utanfor elveutløpa. Gyteområda for aure i indre del av Veitastrondsvatnet er avgrensa og desse områda har stor verdi. For å ta vare på gyte- og oppvekstområda, og for å ta vare på deltaområdet, bør kraftverket plasserast ovanfor elveforgreininga slik at desse vert sikra vatn. Ved uføresette utfall av kraftstasjonen vil elva nedstraums kraftverket kunne bli tørrlagt slik at fisken strandar. For å unngå dette meiner Fylkesmannen at det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen. Kapasiteten på ventilen bør vere på om lag halvparten av turbinens største slukeevne. Dersom gyte- og oppvekstområda vert tatt vare på er tiltaket akseptabelt for fisk og fiskeinteressene.

Ureining, vasskvalitet og støy

Kraftstasjonen er planlagt plassert i stølsmiljøet ved utløpet av Eldeelvi. Frå kraftstasjonen er det kort veg til fleire sel/stølshus. Det bør difor leggjast stor vekt på støydempende tiltak knytt til ein kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor rettleiande grenser gitt av Statens forurensningstilsyn (SFT). I rettleiaren "Retningslinjer for begrensning av støy fra industri m.v." TA-506 frå SFT, er grenseverdiane for hyttebusetnad sett til 35 db(A). Dersom støyen omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 db.

Vi går ut i frå at dersom det gis konsesjon, blir gjort støydempende tiltak. Dette er ein del av detaljprosjekteringa. Det er etter kvart mange innretningar for demping av støy, som; lydisolierende vindauge og dører, ventilasjon med lydfelle, gummigardin i avløpstunnel osv, sjå Rapport 10/2006 frå NVE om Støy i små kraftverk. Vi forventar at det ved ein eventuell konsesjon vert fastset tiltak for å halde støynivået innanfor rettleiande grensenivå. Dersom ikkje dette let seg gjere bør kraftstasjonen trekkjast lenger vekk frå stølsområdet.

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkte tiltak. Ut i frå føreliggjande opplysningar vurderer vi tiltaket som lovleg etter ureiningslova. Vi føreset at det under ev. anleggsarbeid og/eller i permanente installasjonar/konstruksjonar ikkje vert nytta kjemikalier eller miljøgifter som gjev korte eller langsiktige negative verknader på vasskjemi, flora og fauna.

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding frå Fylkesmannen

Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er konfliktfylt i høve til landskap og friluftsliv. Dette er særleg knytt til redusert vassføring i elva. Vi vurderar likevel at nasjonale interesser ikkje vert påverka i så stor grad at vi rår frå søknaden. Dette under føresetnad av at det vert sett krav om monaleg minstevassføring. Kraftstasjonen bør og flyttast noko lenger inn/opp i terrenget. Fylkesmannen vurderar elles at tiltaket kan akseptrast i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova.

Ved ev. utbygging føreset vi elles at det vert lagt vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon langs vassdraget må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.

Andre krav til ev. konsesjon er at:

- *det må vera minstevassføring minimum tilsvarande 5-persentil vassføring gjennom heile året*
- *rørgater må ikkje kome i konflikt med stiar, ev. må stiane ordnast til igjen etterpå*
- *vegen bør revegeterast og tilbakestillaast som køyresterk del av terrenget*
- *inntaket vert gjort minst mogleg synlege med for eksempel forblending*
- *botndyrfaunaen, med spesiell vekt på fjørmygg, bør undersøkjast nærare*
- *nedre del av Eldeelvi må sikrast tilstrekkeleg og stabil vassføring slik at gyteområda for aure vert teke vare på*
- *det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen*
- *det må ikkje vere generande støy for sel/stølshus ved stølen Elda*
- *straumen bør overførast til transportline ved hjelp av nedgraven kabel*
- *kantvegetasjon langs vassdraga må takast vare på tiltaka vert gjennomført så skånsamt som mogleg med god terrengtilpassing og -istandsetting så fort som råd*

Denne søknaden må og vurderast i samheng med dei andre søknadane for området. Dette gjeld det samla omsynet til landskapet, biologisk mangfald og inngrepsfrie naturområde.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Fylkesutvalget behandlet saken 02.07.2008 og gjorde følgende vedtak: ”

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt for dei seks omsøkte kraftverka på visse vilkår, basert på at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert større enn ulempene og at kraftverka vil styrke næringsgrunnlaget lokalt.*
2. *Fylkeskommunen støttar dei vurderingane som Luster kommune har gjort i si sakshandsaming og likeeins krava om avbøtande tiltak. Fylkeskommunen ønskjer å forsterke eit pålegg om vurdering til eit generelt krav om å legge kabel i grøft frå alle dei seks kraftstasjonane til den planlagde 66 kV linja Veitastrond-Årøy/Hafslo.*
3. *Fylkeskommunen vil i tillegg knyte slike merknader til dei seks konsesjonssøknadene:*

- *For Eldeelvi kraftverk skal det ut frå landskapsmessige omsyn sleppast ei minstevassføring i storleik 480 liter/sek. ved inntaket. Støydemping av kraftstasjonen er viktig slik at støy ikkje får bre seg utover vatnet.”*

[...]

”5. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Generelt

Fordelane ved tiltaka er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein samla energiproduksjon på 107 GWh. Dei seks kraftverka vil bidra til lokal busetting og inntektsgrunnlag.

Ulempene er knytt til fråføring av vatn i elvane og bygging av inntak, rørgater, kraftstasjonsbygningar, vegar og kraftlinjer. Fylkesrådmannen meiner at alle prosjekta vil komme ut med ein positiv balanse mellom fordelar og ulemper, men at denne balansen er markert dårlegare for Holen kraftverk og Snauedøla kraftverk enn for dei fire andre.

Fylkesrådmannen støttar dei vurderingane som Luster kommune har gjort i si sakshandsaming og likeeins krava om avbøtande tiltak. Fylkesrådmannen ønskjer å forsterke eit pålegg om vurdering til eit generelt krav om å legge kabel i grøft frå alle dei seks kraftstasjonane til den planlagde 66 kV linja Veitastrond-Årøy/Hafslo.

Automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til registrerte automatisk freda kulturminne innafor områda som vert omfatta av utbyggingsprosjekta. Det kan likevel ikkje utelukkast at det ligg til no uregistrerte automatisk freda kulturminne under markoverflata. Fylkesrådmannen ber difor om at dei som skal gjere arbeid i marka vert gjort merksam på følgjande:

”Ein har plikt til å vise varsemd og til straks å melde ifrå til Kulturavdelinga dersom ein under jordarbeid skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.”

Kulturminne frå nyare tid:

Gamle stolar og stølsvegar er å sjå på som svært viktige lokale kulturminne. Det same er steingardar hustufter og andre spor etter tidlegare landbruksdrift. Fylkesrådmannen vil tilrå at rørgater og veganlegg vert lagt på ein slik måte at det ikkje skaper konflikt med lokale kulturminne. Der steingardar og stølsvegar likevel må kryssast med rørgate eller veg, må kulturminne og området rundt restaurerast på ein god måte.

Fylkesrådmannen vil i tillegg knyte slike merknader til dei seks prosjekta:

Eldeelevi kraftverk

Nedstrøms inntaket renn elva hovudsakeleg i eit trangt gjel med lauvskog på sidene slik at redusert vassføring vil vere lite synleg. Eit stykke før den planlagde kraftstasjonsbygningen er terrenget meir ope og endringane i elva vil bli godt synlege. I sommarhalvåret går elva før utbygging med til dels store vassføringar og middelvassføringa er berekna til 2,89 m³/sek.

Foreslått minstevassføring er 110 liter/sek. Fylkesrådmannen meiner at dette er for lågt, og foreslår at det av landskapsmessige omsyn vert slept i storleik 250 liter/sek ved inntaket. Fylkesrådmannen vil elles peike på at støydemping er viktig slik at støy ikkje får bre seg utover vatnet.”

[...]

6. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt for dei seks omsøkte kraftverka på visse vilkår, basert på at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert større enn ulempene og at kraftverka vil styrke næringsgrunnlaget lokalt.”

[...]

Sogn og Fjordane Turlag uttaler i brev av 23.04.2007:

”Friluftsliv i det aktuelle området:

Veitastrond er eit av dei aller viktigaste friluftsområda rundt Jostedalsbreen. Dette gjeld både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Området er ikkje gjennomkommersialisert og prega av masseturisme slik som i Briksdalen og til dels i Jostedalen (Nigardsbreen), og dette er med på å gjere Veitastrond mykje meir attraktivt både for norske og mange utanlandske turistar og friluftsfolk.

For ”folk flest”, norske og utanlandske, er Austerdalsbreen det viktigaste turmålet. Og det er mange som går der, mange fleire enn ein får inntrykk av når ein snakkar med Veitastrendingar. Men der er ikkje masseturisme. Underskrivne sakshandsamar har sidan 1969 vore i Veitastrond omlag 50 gongar (d.v.s. fleire gonger for året mange år, ingen gongar nokre ganske få år), og har gått mykje meir på Austerdalsbreen enn 90 - 95 % av Veitastrendingane. På ein fin sommardag for 2 – 3 år sidan, talde eg for moro skuld opp kor mange eg såg inne/nesten inne ved brekanten. Eg talde 85 personar, men det må ha vore langt over 100, for eg inne på breen omlag 4 timar midt på dagen, og på den tida var trafikken av turistar truleg aller størst.

Sogn og Fjordane Turlag og medlemslaga våre har fleire turar i/til/frå Veitastrond kvart år. I tillegg har DNT-lag frå andre delar av landet, turar der. Mellom anna har DNT sentralt hatt ”Base camp” på Tungestølen både for born/familiar og for ungdom, i fleire år. Bregruppa i Oslo og Omegn Turistforening har også turar til/frå Veitastrond/Tungestølen.

Dei aller viktigaste turrutene er:

- *Til Austerdalsbreen. Fleire tusen går dit kvart år. Ei fin, viktig, men sjølv sagt mykje mindre brukt rute, er å halde fram vidare til Kvitesteinsvarden og Briksdalen.*
- *Langedalen og rutene over breen til/frå Fonn i Stardalen og Flatbrehytta i Fjærland.*
- *Snauedalen, og gjennom Snauedalen til Fjærland, eller omvendt.*

I tillegg til desse 3 hovudferdselsårane for ”fot- og brefolket”, er det også ei heil rekkje andre turruter både rundt Tungestølen, nede i/frå Veitastrondsbygda, og med utgangspunkt frå ulike stadar langs Veitastrondsvatnet. Veitastrond er kort og godt eit eldorado for friluftsliv og

naturoppleveling, både for lette familieturar og for dei mest krevjande fjell- og Breturar. Vi er mange som kjem attende dit gong etter gong!

Av dei no konsesjonssøkte kraftutbyggingane, er det Snauedøla kraftverk som er i sterkast konflikt med friluftslivet. Dette fordi ei av hovudturrutene, den gamle og veldig tradisjonsrike ruta over til Suphelledalen i Fjærland, går der.

Reiselivstilbodet i Veitastrond:

Av Luster kommune sin kommunedelplan for småkraftverk, kan ein få inntrykk av at Tungestølen Turisthytte (som er svært viktig for brevandrarar og friluftsfolk elles,) er den einaste reiselivstilknytte verksemda i Veitastrond, og dette er brukt som argument for at elvane nede i bygda er plasserte i "Grøn sone". Vi er forundra over at kommunen tilsynelatande har så liten kunnskap om næringslivet i eigen kommune, og skal gje nokre tilleggsopplysningar.

Nede i bygda er det 3 overnattingsverksemdar som vi har kjennskap til. (Det kan vere fleire.):

- *Nesøyane Gjestegard. Sjå www.home.no/nesoyane/.*
- *Veitastrond Hytteutleige. Sjå www.sognefjord.net/kristina/.*
- *Wenche Elisabeth Hoel, Vårstølen. Tlf. 57 68 66 80/928 41 644. Satsar internasjonalt.*

Veitastrond Hytteutleige sine hytter ligg nær ved det planlagde Snauedøla kraftverk. Wenche Elisabeth Hoel si verksemd ligg også nokså nær, på motsett side av hovudelva.

Andre reiselivstilknytte verksemdar i Veitastrond som vi kjenner til:

- *Breporten. Breføring på Austerdalsbreen. Sjå www.breporten.no.*
- *Jaktutleige. Sjå www.jakt.ws.*
- *Veitastrond gardsysteri, Oddvar og May Ruth Neset. Produksjon av geitost.*
- *Brandøy gård, Edith og Edvin Flugheim. Geitostproduksjon.*
- *Elvebakken gardsysteri, Jens og Bjørg Heggstad. Geitostproduksjon.*
- *Triobakst. Flatbrødproduksjon.*
- *Andre ting: Eit nyetablert ridesenter er i ferd med å kome i drift. Det vert produsert rømmegraut, mellom anna for sal på Tungestølen Turisthytte. Kafeen i tilknytning til butikken i Veitastrond.*

Sjølvs om verksemdene er små, er reiseliv i sum ei ganske viktig næring i Veitastrond, og med den eineståande naturen ein har i bygda, er potensialet for vidare satsing stort.

Det er planar om at vegen mellom Hafslo og Veitastrond skal bli Nasjonal turistveg. Vi har ikkje kjennskap kvar desse planane "ligg i løypa" akkurat no, men viss denne turistvegen blir etablert, vil det bety ei betydeleg marknadsføring av Veitastrond som turistmål.

Generelle synspunkt på dei 6 utbyggingane:

Alle utbyggingane er i større eller mindre grad i konflikt med friluftsliv og reiseliv. På den andre sida vil kraftutbygging gje folk i bygda, og nokre utanfor bygda, gode inntekter, som, i alle fall i ei viss grad, kan styrke busetnaden i bygda. Men for omfattande og skjemma

utbygging kan redusere potensialet for vidare utvikling av reiselivet, og dermed på litt lang sikt svekke grunnlaget for busetnaden i bygda. Det er derfor svært viktig å finne den rette balansen i utbyggingane. Ein må ikkje bygge ut absolutt alle elvar som kan utbyggast. Nokre må kunne renne fritt som før. Dei utbyggingane som vert gjennomførde, må gjerast mest mogeleg miljøvenlege, og det må leggjast vekt på god vassføring om sommaren når bygda er mest attraktiv for friluftsliv og reiseliv.

Nokre moment vi meiner bør leggjast stor vekt på for å gjere utbyggingane miljøvenlege og lite skjemmande:

- 1. Demningane må gjerast minst mogeleg synlege, til dømes ved god plassering i terrenget og ved innstøyping av/forblending med naturstein. Eventuelt ved bruk av farga betong i tillegg.*
- 2. Alle røyrgater må gravast ned, eller borast gjennom fjell. Røyrgate i dagen slik det er søkt om for Holen kraftverk, er fullstendig uakseptabelt, der må det nyttast boretunnel! Det må leggjast stor vekt på revegetering av røyrgatetraseane, slik at dei vert minst mogeleg synlege snarast råd.*
- 3. Dei vegane som det er heilt turvande å bygge, må gjerast om til "køyresterkt terreng" etter utbyggingane, slik at dei vert grøne og lite synelege. Køyresterkt terreng er fullt ut tilfredsstillande som traktorveggar for tilsyn med demningane og for eventuelt uttak av skog. Nokre av dei kan også verte attraktive som turveggar både til fots og på ski. Køyresterkt terreng er vanlegvis mindre utsett for erosjon enn grusveggar. Permanente grusveggar må ikkje tillatast lenger enn fram til dei kraftstasjonane der ein treng det.*
- 4. For landskap, friluftsliv, reiseliv og biologisk mangfald, er det viktig at elvane har god vassføring om sommaren. Dette oppnår ein dels ved gode minstevassføringar, minst 10% av gjennomsnittleg sommarvassføring, og aller mest ved at den maksimale slukevna i kraftstasjonane ikkje vert for stor. For 5 av dei 6 kraftverka er det søkt om svært stor maksimal slukevne, og med eit mogeleg unntak for Utladøla kraftverk, som har den minste konsesjonssøkte maksimale slukevna, må slukevna for alle utbyggingane reduserast kraftig. For å sikre ein god "dynamikk" i elvane også etter utbygging, må slukevna ikkje overstige 150 % av gjennomsnittsvassføringa.*
- 5. Det må leggjast stor vekt på støydemping av kraftstasjonane, uansett kvar dei er plasserte. For friluftsliv, er kraftstasjon-"hyling" svært negativ for naturopplevinga! At utforminga og plasseringa av kraftstasjonane vert god, reknar vi som sjølv sagt i dag.*
- 6. Det er ønskeleg at nye 22 kV kraflliner i størst mogeleg grad vert lagde i kabel i staden for at det vert nytta luflliner.*

Av dei 6 utbyggingane, reknar vi utbygging av Snauedøla som den klårt mest konfliktfylte. Den er den mest synlege og markerte av elvane, og er i sterk konflikt med friluftslivet. Den er også i stor konflikt med reiselivet, der den ligg nær ved og godt synleg frå 2 av turistovernattingsstadane i bygda, og godt synleg frå bommen der alle som skal innover mot Tungestølen og Nyestølen må stoppe. Vi meiner at Snauedøla ikkje bør byggast ut uansett avbøtande tiltak. Ei elv er minimum av det som må få renne fritt i dette eineståande fine landskapet! Holen kraftverk oppfattar vi også som svært konfliktfylt i konsesjonssøkt form, der det ligg svært godt synleg frå det som etter kvart truleg vert ein ny Nasjonal turistveg. Men for

dette kraftverket er det mogeleg å gjere endringar som gjer utbygging mindre uakseptabel. I det etterfølgjande skal vi omtale dei einskilde kraftverka.

Eldeelvi kraftverk:

Vi viser til dei generelle synspunkta ovanfor. Ettersom det her er ein traktorveg frå før, kan det vanskeleg krevjast at den skal omgjerast til køyresterkt terreng. Men det er sterkt ønskjeleg at i alle fall vegkantane og vegskråningane vert oppussa og gjort grøne, slik at vegen markerer seg minst mogeleg i terrenget.

Eldedalen er relativt viktig for friluftslivet (mellom anna går det ei turrute frå Eldedalen til Horpedalen i Fjærland, sjå turkart Jostedalsbreen), elva er godt synleg i landskapet, både nær og på avstand, og bekkeløfter kan vere viktige for biologisk mangfald. God vassføring om sommaren er derfor viktig for denne elva. Ei minstevassføring på 110 l/sek er altfor lite. Den vil knapt nok verte synleg på avstand. Minstevassføringa om sommaren må i alle fall vere 10% av gjennomsnittsvassføringa om sommaren, helst meir. Det er også viktig at slukevna for kraftstasjonen ikkje vert meir enn 150 %, slik at ein får ein brukbar "dynamikk" i elva. Rørdiameteren kan då også reduserast noko. Reduserte kostnadar i samband med dette og redusert maskininstallasjon i kraftstasjonen, kompenserer for noko av produksjonstapet.

Elva nedanfor kraftstasjonen er eit viktig gyteområde for fisk. For å ta vare på fisken i dette området, må det installerast omløpsventil i kraftstasjonen.

Av kartet i Vedlegg 2 ser det ut som inntaksområdet er relativt flatt. Vi ber NVE vurdere om det kan vere ein miljøfordel å flytte inntaket litt lenger nedover.

Under føresetnad av at det vert teke omsyn til merknadane ovanfor, og at utbygginga elles vert gjennomført på ein god måte, reknar vi utbygginga som akseptabel ut frå våre interesser."

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane uttaler i brev av 10.04.2007:

"Prinsipielt om søknadene og Veitastrondi

Veitastrond er ei jordbruksbygd som strekker seg inn mot Jostedalsbreen. Bygda er også ei turistbygd med fleire mykje nytta oppgangar til Jostedalsbreen og fleire kjende brearmar med Austerdalsbreen som den mest kjende. Bygda har også ei kjend turisthytte, Tungestølen. Veitastrond skulle ha svært gode føresetnader for å bygge reiselivet og turistferdsla vidare ut med sin nærleik til Jostedalsbreen, og desse søknadene om småkraftverk må vurderast nøye i samanheng med konsekvensar for natur og reiseliv.

Det har vore stor fråflytting frå Veitastrond dei seinare åra av fleire årsaker, men truleg helst på grunn av den almenne nedgangen i sysselsettinga i jordbruket. Ei slik småkraftutbygging kan nok gje ein del inntekter til bygda, og vi ynskjer ikkje å seie nei til alle søknadene. På den andre sida vil også ei bygging av desse kraftverka endre naturtilhøva i stor grad og dermed redusere opplevinga av landskapet både for dei fastbuande og dei som vitjar bygda. Først og fremst av omsyn til dette vil vi også seie nei til eit par av dei prosjekta som etter vår meining vil ha størst negative konsekvensar.

Frårår bygging av to av kraftverka

